

Kystsogedagar med kassabillop

3 Busserulls og Ausekarane toppar plakaten når det til helga blir invitert til kystsogedagar i Langevåg. Her blir også kassabillop.

Dermed ligg det an til mykje god underhaldning tre dagar til ende. Det heile startar fredag kveld med sjømatbuffet og show med 3 busserulls og Jubalon Orkester. Det blir lova mykje god musikk og allsong.

Konkurransar

Laurdagen blir det skipa til frukost, før årets konferansier Kurt Johansen ønskjer velkomen. Utover dagen blir det både konkurransar og god musikk. I programmet kan me lesa at det blir rokonkurranse og musikk ved Svanhilds orkester. Det blir mykje godt bae å ete og drikke, og beste kakebaker skal det gjerast ekstra stas på. Det blir sjølvsagt aktivitetar for barna. Det blir karneval med parade der både dukkevognar og to- og trehjuls sykklar kan takast med. Det skjer i gymnsalen på skulen. Utover dette blir det loddsal.

Kassabillop

Det er nok dei som i desse dagar



KASSABILLOP: Her eit lite tilbakeblikk på eitt av mange spennande kassabillop i Vodlabrekka. I år blir det skipa til nytt løp (FOTO: ARKIV/HÅVARD HAMMARSTRØM)

held på med siste finpussen på kassabilane sine. Tradisjonen tru blir det nemleg også i år skipa til kassabillop i Vodlabrekka, og det blir lova flotte premier. Etter billopet blir det gratis-konsert med Aina Størksen. På laurdagskvelden blir det invitert til nytt show, og då er det

Ausekarane som står for underhaldninga. Sidan blir det høve til å svinge seg på dansegolvet til musikk frå «Får i kål» ut i det små timar.

Vandring på kyrkjestien

I år blir det også mange kjekke aktivitetar utover dagen sun-

dag. Bømlo sokneråd inviterer til vandring på den gamle kyrkjestien, og det blir oppmøte på Vika ved skytebanen. Det blir forfriskningar på kyrkjebakken etter turen, før det blir sangtime i gamlekyrkja. Sundag kveld skal det ifølgje kystsogeveke-programmet bli gratis kino og

pizza for ungdom i alderen 11-18 år. Her er det påmelding. Meir informasjon om tid og stad blir annonsert.

Håvard Hammarstrøm

havard.hammarstrom@bomlo-nytt.no

Kysten - frå leikeplass til boss plass

Bømlo kunstlag si gruppe «kunstgeriljaen» inviterer onsdag til gratis kino i Bømlo kulturhus.

Filmen «A plastic ocean» set søkjelyset på dei enorme mengdene plast som samlar seg opp i verdenshava og konsekvensene dette får for dyrelivet. Laurdag vert det ope hus i Autogården på Rubbestadneset der alle kan få sjå korleis plastbros frå strendene våre kan forvandlast til ein skulptur, skriv Bømlo kunstlag i ei pressemelding.

A.B.C.D. (art.beach.creation.debris.) er eit kunstnarisk initiativ som ser på korleis plast forureiner vårt maritime miljø. Kunstnarane Elizabeth Roberts frå Oregon, USA, Janne Robberstad og Jan Willy Folgerø-Holm frå Bømlo, Norge, samarbeider med Bømlo kunstlag og kunstgeriljaen om dette tverrfaglege prosjektet.

Skuleklassar og lokallag har

vore i sving med å rydda strender for bos i vår og sommar. Ein del av den innsamla plasten er vaska og sortert og skal brukast som råmateriale i ein stor installasjon – nemleg ein borti-mot tre meter lang blåstål!

Føremålet med prosjektet er å undersøka dei konsekvensane havforureining har på det maritime livet, og sjå nærare på kva me kan gjerast for å endre denne utviklinga. Den amerikanske kunstnaren Elizabeth Roberts har arbeidd med denne tematikken i ei årrekke og har fått ein særskilt invitasjon til å delta i dette prosjektet.

Sjølve installasjonen skal vera ei kunstnarisk påminning om heilskapen i økosystemet og tanken er å plassera skulpturen ein eigna stad nær havet.

Elizabeth Roberts er i Norge i fem veker, og utanom å vera på Bømlo vitjar ho seasickfish.no sitt prosjekt i Stavanger.

Randi Olsen

randi@bomlo-nytt.no



TRE METER LANG: Skjelettet til den nesten tre meter lange blåstål-skulpturen ferdig sveisa saman, og klar for å kleast med plast. Laurdag kan publikum få vera med på dugnad i Autogården – og sjå og læra korleis Elizabeth Roberts arbeider med prosjektet. (Foto: Grethe Kjosnes)

KYSTSOGEDAGANE LANGEVÅG



BILLETTAR:
WWW.BOMLO.NET

**FREDAG
25/8**

**3 BUSSERULLS-
SHOW MED
SJØMATBUFFET**

**LAURDAG
26/8**

**FISK OG
RØVERE
I AUSELAND**



KYSTSOGEDAGANE LANGEVÅG PROGRAM

FREDAG:

Lubbesild og sjømat buffet,
med SHOW av 3 BUSSERULLS & Pub
Kl. 19:00 Dørene åpnes
Kl. 19:30-21:00 Servering av sjømat buffet.
Kl. 21:00 Show med 3 BUSSERULLS & JUABLON
ORKESTER
Allsang
Pub
Kl. 01:00 Slutt

LØRDAG:

Kl. 11:00 Åpnes dagen med konferansier
Gunnar Andersen
Kl. 11:00 Elias-båten starter kjøring, og vil
holde på til kl. 15:30
Kl. 11:30 Ro-konkurranse.
Kl. 12:00-14:00 Blir det flotte toner i fra
Svanhilds orkester.
Kl. 12:00 Salg av fiskesuppe, fiskekaker,
bacalao, grillmat, kaker og kaffe.
Kl. 13:00 Trekning av vinneren (kakebaker)
av Revy/Dans billetter.
Gratis: Kl. 13:00-14:00 Karneval med
dukkevogn og to/trehjulssyssel-parade for
aldersgruppen 0-8 år i gymsalen på skolen.

Loddsalg hele dagen.

Masse flotte stander.
Kl. 15:10 Kassabilløp med flotte premier.
Start kl. 15:10 i midten av «Vodlabrekka»
Ca Kl. 15:30 Premieutdeling, loddtrekning.
Ca Kl. 16:00 Gratis konsert med AINA STØRKSEN

LØRDAG KVELD:

Kl. 20:00 Dørene åpnes
Kl. 21:00 Show med «AUSEKARANE»
Kl. 23:00 Dans med «FÅR I KÅL»
Kl. 02:00 Slutt

SØNDAG:

Bømlo Sokneråd arrangerer vandring på
gamle kirkestien
Oppmøte på Vika v/ skytterbanen
Forfriskninger på kyrkjebakken etter endt tur
Sangtime i Gamle kirke.
Kl. 17:00 GRATIS KINO & PIZZA for ungdom
aldersgruppe 11 – 18 år.
Dei som vil på kino må melde seg på til Frode
i Bygdutunet, eller på mail
post@bygdutunet.no

Billetter blir lagt ut til salgs på:
www.bomlo.net ARR: LANGEVÅG BYGDUTUN

PRISER:

- Helge pass kr. 900,-
- Fredagskveld kr. 500,- Aldersgr. 18 år
- Lørdags dagspass kr. 50,- / Familie over 4 personer kr 200,-
- Lørdagskveld Show med Ausekarane & dans kr. 600,- Aldersgr. 18 år
- Helgeleie for Babil & Båt er 100,- for hele helgen.

Ta gjerne kontakt med frode@bygdutunet.no for å reservere plass



JOHNRY
MASKIN & MARINE

**DIN SERVICEVERKSTAD
PÅ BØMLO**

- ✓ ME HJELPER DEG MED FRITIDS-
OG ARBEIDSBÅTAR
- ✓ SERVICE PÅ ALLE UTANBORDSMOTORAR
OG INNANBORDSMOTORAR
- ✓ BÅTOPPTREKK
- ✓ ME HENTAR BÅTEN OM DU VIL

Ring oss for
eit godt tilbod!

Sjekk vår Facebookside
for meir informasjon:
www.facebook.com/JohnryAS/



959 93 493

**EKSTREM LAVPRIS
PÅ EN REKKE VARER**

**ARBEIDSTØY, VERNESKO,
SYNLIGHETSKLÆR ++**



OGSÅ LAVE PRISER PÅ DIV. GAVEARTIKLER FRA KJENTE MERKEVARER

**BUTIKKEN ER ÅPEN UNDER KYSTSOGEDAGANE
FREDAG 25.08. OG LØRDAG 26.08.**

Marine  **Profile**

Tlf. 974 11 143 • www.marineprofile.no - Mand.-fred. kl. 8-15.30 (el. e. avtale)